ALVER
KOMMUNE

Vest Vvs As
Torvhusmyrane 18
5913 EIKANGERVÅG

| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: Ref.:X32Y3E-Skjemanr.:3934 | Margarett Halland | 23.08.2022 |
| Vår: 22/5526 - 22/57058 | margarett.halland@alver.kommune.no | |

# Godkjend røyrleggjarmelding - gbnr 137/259 Alver

Me viser til røyrleggarmelding motteke 06.07.2022 - med vedlagd situasjonsplan(VA-kart)
Ettersending av tilleggsdokumentasjon 23.08.2022.

| | |
| --- | --- |
| Adresse byggeplass: | Isdalstøbakken 101 |
| Type bygg: | Eksisterande næringsbygg - bruksendring |
| Type arbeid: | Tilknyting offentleg vatn og avlaup – 7 stk einingar/leilegheiter |

# Røyrleggjarmeldinga er godkjend på følgjande vilkår:

### Byggesak : 22/3977 – Uttalesak VA : Bruksendring – ombygging

Det framkjem at leidningar allereie er lagt fram til veggliv men ikkje tilknytt.
Dette arbeidet er gjort av eit anna firma på eit tidlegare tidspunkt.
Røyrleggjar skal i fyste omgang knyte på 3 stk leilegheiter, men skal leggja klart røyrføring til alle 7 einingane.

**Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, tekniske og administrative bestemmelsar.**
Stikkleidningar skal opparbeidast i samsvar med søknad om tilknyting, kap.2.1. Adm.bestemmelsar. Større endringar skal varslast underteikna. Ved behov for trykkauke/reduksjon visar vi til pkt. 2.1.3 i tekniske bestemmelsar.

**Ferdigmelding:**
Når arbeidet er utført, skal det sendast inn ferdigmelding til kommunen med oppdatert situasjonsplan med innmålingsdata som bygd/sosifil. Situasjonsplanen skal visa røyrføring frå bygg til tilkopling offentleg leidning.
Av omsyn til kunde er det viktig at ferdigmeldinga vert sendt inn straks arbeidet er utført. Dette for å unngå etterfakturering av kommunale gebyr.

**Hugs at søknad om godkjend ferdigmelding må sendast inn i god tid før ein skal søkja om midlertidig bruksløyve og/eller ferdigattest.**

**Tilknytingsgebyr:**
Gebyr vil bli fakturert etter gjeldande satsar. Tilknytingsgebyret er pr eining.
Vi gjer merksam på at arbeidet skal ikkje i gong setjast før gebyr er betalt.
Røyrleggjarfirma pliktar å undersøkja dette før oppstart.

**Søknadsplikt etter plan og bygningslova:** Tiltaket kan vera søknadspliktig etter plan og bygningslova. Dette må avklarast med byggesak. Ev. gebyr for handsaming etter plan og bygningslova følgjer av gjeldande gebyrforskrift.

**Endring av tilknyting til kommunalt vatn/avløp**
Alle endringar i ettertid, som medfører vesentlege endringar i vassforbruk eller utslepp, krev løyve frå kommunen, og skal om søkjast. Søknad skal skje på røyrleggjarmelding KF-570.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Margarett Halland |
| Avdelingsleiar | Konsulent |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Nyhammer Eiendom | Kubbaleitet 18 | 5916 | Isdalstø |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Vest Vvs As | Torvhusmyrane 18 | 5913 | EIKANGERVÅG |